

VEDTEKTER FOR STIFTELSEN ARKIVET

Vedtatt 24.august 1998
med endringar i parar. 5 og 6 vedtatt 8.april 2000,
med endringar i paragr. 3, 5, 6 og 8 vedtatt 7. mai 2001
med endringar i paragr 3, 4, 5, 6 og 8 vedtatt 8. mai 2002
med endringar i paragr 3, 4, 5, 6 og 8 vedtatt 8. mai 2006
med endringar i paragr 5 og 6 vedtatt 8. mai 2014
med endringar i paragr 3, 6 og 7 vedtatt 8.mai 2016

1.

Namn Namnet skal vere STIFTELSEN ARKIVET.

2.

Stad Stiftelsen skal ha sete i Kristiansand.

3.

Formål

Formålet med stiftelsen er å eige og forvalte det tidligare Statsarkivet i Kristiansand. Bygningen blei brukt som hovudkvarter for Gestapo under okkupasjonen. Bygningen skal vere ein del av eit informasjonscenter om okkupasjonen og krigstida 1940-45. Det skal også vere eit utdanningssenter for framtidsretta fredsarbeid, basert på demokrati, fridom og menneskeverd. Siktemålet er å få til eit nært samarbeid med tilsvarande interesseorganisasjonar og sikre eit godt samarbeid med alle delar av utdanningssystemet. Stiftelsen skal drive og ha ansvar for vitenskapleg forskning på dei aktuelle fagområda.

4.

Grunnkapital Stiftelsen har ein grunnkapital på kr 200 000. Grunnkapitalen skal vera urørleg, og minst ein tidel av den årlege avkastinga skal leggjast til kapitalen

5.

Styret

Stiftelsen skal ha eit styre på 6 til 9 medlemmer med personlege varamedlemmer, valde for 2 år om gangen.

Styret skal representere både offentlege og private interesser i landsdelen og utgjere ei fagleg og historieinteressert gruppe som kan gjennomføre formålet.

Kristiansand kommune, Aust-Agder og Vest-Agder fylkeskommunar har forslagsrett, og kan instille inntil to styrekekandidatar kvar til valkomiteen. Valkomiteen fremmer sitt forslag til styret, som innstiller overfor Rådet. Kunnskapsdepartementet oppnemner eit medlem med varamedlem til styret.

Venneforeningen oppnemner eit medlem, med varamedlem, til styret

Styret har ansvaret for drifta av stiftelsen og skipar til passande sekretariat og tilset dagleg leiar. Dagleg leiar tilset anna personale i samråd med styret.

Styret skal handsame og godkjenne årsmelding og rekneskap

6.

Rådet

Stiftelsen skal ha eit råd på inntil 25 medlemmer. Valet gjeld for 2 år og rådet vel sjøl formann og nestformann.

Rådet skal representere offentlege og private interesser i landsdelen og i landet elles, og setjast saman slik at det har fagleg breidde og ideologisk engasjement i samsvar med stiftelsen sitt formål.

Rådet fastset vedtekter for stiftelsen.

Rådet har elles desse oppgåvene:

- velje medlemmer med varamedlemmer til styret i samsvar med § 5
- velje leiar og nestleiar til styret
- velje medlemmer til rådet i samsvar med § 6
- velje valnemnd på fem medlemmer
- avgje uttalelse om årsrekneskapet og årsmelding
- gje råd i saker som styret sender over
- sjølv ta opp saker av interesse
- fremje forslag til endringar av vedtektene etter forslag frå styret.

Rådet har vanlegvis eit møte i året – innan utgangen av juni. Styreleiar og dagleg leiar har møte- og talerett i rådsmøta. Styrets øvrige medlemmar har møterett.

7.

Rekneskap/ Rekneskapen skal fylgje kalenderåret. Årsmelding og revidert rekneskap
Revisjon skal leggjast fram for rådet til uttale.

Styret tilset revisor.

8.

Vedtekts- Endringar av vedtektene krev 2/3 fleirtal i rådet.
endring Omlegging av drifta eller nedlegging krev 2/3 fleirtal
Nedlegging i styret og tilslutning frå rådet

Ved eventuell nedlegging skal det samstundes gjerast vedtak om korleis eigedommen og andre midlar skal disponerast.

Tilskot til vitenskapleg forskning skal disponerast i samsvar med denne føresetnad ved ei eventuell oppløysing av stiftelsen.

24/8 – 1998.
Osmund Faremo



Dagrún Eriksen
Styreleder



Audun Myhre
Direktør